NR. 4 SEPTEMBER 2006 33. ÅRGANG

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden




*Ein stolt Kjell Døskeland viser oss den nye båten som er innkjøpt til Skjergardsheimen.*
*Meir på siste side.*
*Foto: ONT*

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Fruktbare kyrkjelydspedagogar ........ Side 4
50-årskonfirmantar i Blomvåg og Hjelme ........ Side 5
Visitasprogrammet 13. – 17.- september ........ Side 6
Barne- og ungdomsarbeidarar dette skuleåret ........ Side 9

SOKNEPRESTEN HAR ORDET



# KIRKE ELLER KIRKE?

Den norske kirke var i sin tid et resultat av misjon utenfra. Som katolsk kirke bar den i seg den kirkelige tradisjonen fra apostlene og den udelte kirke.

Særlig i St. Olavstradisjonen fra 1030 fikk det norske folk et sterkt kall til kristen tro og liv, konsentrert i spørsmål som front mot hedenskapet og for et lovverk som gjenspeiler kristen etikk. Men det gjaldt også omvendelse til Kristus, kristen dåp, og evig liv. Uttrykk for at dette sto i en sann kirkelig ramme var fokuseringen på bispeembetets betydning.

Den lutherske reformasjonen 500 år senere brakte med seg nødvendig kirkelig fornyelse, men hadde en politisk pris: Danskekongen fikk makten i landet og kirken og la dermed grunnen for dagens stats-og folkekirkesystem.

I den lutherske tradisjonen har kirke og embete ofte vært sett på som ordningsspørsmål. Men klassisk lutherdom må holde fram at Luther har et dypere anliggende i Forklaringen til 3.Trosartikkel. Når han der sier at det er *"i denne kirke"* vi tilgis våre synder, menes en kirke som bærer den apostoliske og almenkirkelige tradisjon i seg med ytre kjennetegn. Det samme kirkebildet finnes i Augustana 7. Se også Luthers ord om Kirkens 7 kjennetegn.[1]

Når det i 1992 het hos kirkeministeren: "Det var kongen som førte an, kirken fulgte etter," skjønner vi at et helt annet kirkebilde kommer til uttrykk hos kirkeledelsen.

Her gjelder det store ting. Jeg mener at det menneskelig talt neppe er mulig å bevare Den norske kirke som bærer av den klassisk kirkelige tradisjonen. Jeg viser til prof.dr.theol. Bernt T.Oftestads bok: "Den norske statsreligionen"(1998) som er en god analyse av "Statens Religionsvesen."

Det er heller ikke sannsynlig at det i fremtiden blir utnevnt biskoper som kjenner noen forpliktelse til å stå på Kirkens klassiske syn i dagens etiske konfliktspørsmål.

Den "åpne kirke" som mange moderne ideologer i kirken har ønsket, blir lett en kirke i ruiner.

Vi må sette vårt håp til Herren, og be Ham om frelse og forløsning. Vi kan ikke la være å tro at Han fremdeles har makt til i å virke i ruinene, Jes.49,13-16, Nehemja 2.[2] Jeg viser også til Makkabeerbøkene i Apokryfene der man til slutt inntok templet igjen.[3] Som et under var det nok olje.(Joh.10,22 flg.) Alt er mulig for Underets Gud.

Når vi skal bygge opp Guds Kirke igjen er det også lærerikt å studere kirkens erfaringer under siste krig, for ordlyden i bekjennelsen "Kirkens Grunn"(1942) kan ha stor betydning for oss i dag.[4]

Jeg kommer tilbake til denne saken.

**(Footnotes)**

[1] *http://www.kyrkja.net/7kjt.htm*
[2] *Se Biskop Bo Giertz'ordinasjonstale over Neh.2,17-18: Kom, la oss bygge opp igjen: http://www.skg.no/komlaoss.htm*
[3] *http://www.skg.no/makk.htm*
[4] *http://www.kyrkja.net/kg.htm*

## Jubileumsskrift Blomvåg kyrkje 75 år 1931 – 2006

Heftet vil bli presentert i samband med bispevisitasen.
Bur du i Øygarden, kan du få dette gratis ved å venda deg til kyrkjekontoret.
Bur du utanom kommunen, sender vi det gjerne.
Pris kr 75,- inkl. porto.

## Ny beredskapsordning for kyrkja

Dersom ein ikkje kjem fram til vakttelefonen, **5638 2244**, lokalt her i Øygarden, kan ein ringja "prostivakta". I tidsrommet 17.00 – 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene heile døgeret, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. **Nummeret er 954 83 655.**
***Dette gjeld berre tenester som ikkje kan venta***, slik som dødsbod, soknebod for døyande og støtte i kritiske situasjonar.


# Den norske kyrkja i Øygarden

**ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar |
| Redaktør: | Odd N. Thormodsæter |
| Kontingent: | Min. kr 100,- pr. år innan kommunen |
| | Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen |
| Takkeannonsar: | kr 100,- |
| Kontonr.: | 3628 07 02557 |
| Layout/trykk: | Grafisk Team AS |
| Distribusjon: | Hurtiglevering, Tjeldstø |
| | tlf. 98 66 53 29 |



**Kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Vitjingsadresse: | Helse- og tenestesenteret, Rong |
| Postadresse: | Boks 144, 5331 Rong |
| Telefon: | 56 38 22 40 |
| Faks: | 56 38 22 41 |
| Vakttelefon: | 56 38 22 44 |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |
| **Internettsider:** | **kyrkja.net** |
| Ekspedisjonstid: | måndag – fredag 0900 – 1500 |

**Tilsette:**

| | |
|---|---|
| **Kontorsekretær** | Kari Sandøy Rong |
| e-post: | kontor@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 40 |
| **Kyrkjelydspedagog** | Synnøve Sandøy Voldsund |
| e-post: | kyrkjelydspedagog@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 47 |
| **Kantor** | Anne Lise Grøm - permisjon |
| **Organistvikar** | Vegard Voldsund |
| e-post: | organist@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 45 |
| **Sokneprest** | Svenn Martinsen |
| e-post: | sokneprest@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 44 |
| **Kyrkjeverje** | Odd N. Thormodsæter |
| e-post: | kyrkjeverje@kyrkja.net |
| | tlf. 56 38 22 43 |

**Kyrkjene:**

| | |
|---|---|
| **Blomvåg kyrkje** | tlf. 56 38 70 22 |
| e-post: | blomvag.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/gravar: | Kåre Kristoffersen |
| | Mobil 97 72 72 21 |
| Klokkar: | Ole Vik |
| **Hjelme kyrkje** | tlf 56 38 80 30 |
| e-post: | hjelme.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/gravar: | Kari B. Solheimslid |
| | Mobil 9772 74 57 |

**Råda:**

| | |
|---|---|
| Blomvåg sokneråd: | Leiar: Bente H. Guntveit |
| Hjelme sokneråd: | Leiar: Atle Dåvøy |
| Øygarden kyrkjelege fellesråd: | Leiar: Gustav Landro |


***Frist for stoff til nr. 5/06 er 09. oktober***
***Til abonnent 26. oktober***

av Synnøve Sandøy Voldsund



Denne salmen er på mange måtar mitt vitnesbyrd. Den er full av takksemd til Jesus for alt Han har gjort og gjer for meg. Eg har alltid likt godt å syngje, og eg hugsar då eg starta i ungdomskoret *Immanuel*, 13 år gamal. Eg fekk tidleg utfordring om å syngje solo. Eg kvidde meg før kvar øving i tilfelle me skulle øve på songen "min". Men på ein leir ei lita stund etter, opplevde eg at Jesus fylte meg med ei slik glede, at det vart det eit privilegium og ei glede å få syngje om Han og til Han. No vart det til og med kjekt å syngje solo. For det handla ikkje berre om kva eg kunne få til, men at Jesus fortener all ære for alt Han har *gjort*, *gjer* og ikkje minst, *er*. Og då ville eg gje Han takk med dei talenta eg hadde, frå dei minste til dei største. Og det som er så bra, er at dess meir eg gir av meg sjølv til Jesus, dess større blir gleda og takksemda.

*Salige visshet:*
*Jesus er min! Han er min hyrde,*
*kaller meg sin. Salige visshet! Allting er vel! Jesus har kjøpt meg, legem og sjel!*

*Han er min glede, han er min sang, ham vil eg prise livsdagen lang. Ham skal jeg evig love hos Gud. Han er min brudgom, jeg er hans brud,*

*Allting eg gav ham, allting eg vant, evighetsdagen herlig opprant. Himlen er åpen, engler fra Gud, bringer til jorden kjærlighets bud.*

*Nå kan eg hvile, fullkommen glad, veien er banet inn til Guds stad. Hjertet er renset, skylden betalt. Selv er jeg intet, Jesus mitt alt.*

***Eg utfordrar Therese Hellesøy til å skrive om Min salme neste gong.***

# Utdrag av hilsen ved båren til Elias Nygard-Sture



Den indre Sjømannsmisjon har hatt mange markante personligheter i sine rekker opp gjennom årene. I dag tar vi farvel med en av de siste. Elias Nygard-Sture var en veteran i Den indre Sjømannsmisjon. Han begynte sin tjeneste i organisasjonen i 1942, etter å ha vært i Indremisjonen i syv år. Siden levde han med Den indre Sjømannsmisjon i tykt og tynt. Hans interesse og iver for Guds Rikes sak kom fra hjertet, og vi følte når vi møtte ham at dette var hans hjertesak fremfor noe.

Elias begynte sin tjeneste i Den indre Sjømannsmisjon som kretssekretær i Østfold. Siden var han kretssekretær på Sunnmøre og i Bergen. Han avsluttet sin tjeneste som landssekretær med hele Norge som arbeidsfelt.

Han fikk stå i en rekke vekkelser rundt om i landet. Det er ikke få som har bøyd kne for Gud der Elias har fått ha sin tjeneste.

Men Elias understreket alltid at vekkelsen kom som et resultat av bønn. Han så på seg selv som et redskap for Gud

Nå er Elias forfremmet til herligheten.

*"Jeg har stridd den gode strid, fullført løpet og bevart troen, nå ligger rettferdighetens krans klar for meg. Den skal Herren, den rettferdige dommer gi meg på den store dagen, ja, ikke bare meg, men alle som med kjærlighet har ventet på at han skal komme,"* sier Paulus i 2. Tim. 4,7-8.

Elias kunne si det samme. Han har stridd den gode strid, fullført løpet og bevart troen. Noe større kan ikke et menneske oppnå.

Vi er mange som takker Gud for hans tjeneste, og vi lyser fred over Elias Nygard-Sture sitt minne!

*Roald Øvrebø*

# Fruktbare kyrkjelydspedagogar!



I løpet av eitt år har tre kyrkjelydspedagogar blitt mødre til nye, flotte verdensborgarar.
Med dette gratulerer vi Synnøve Sandøy Voldsund med Lilly Pauline, som vart fødd 29.08.05, Anne Mette Risøy med Maria, som vart fødd 08.02.06 og Rannveig Vestbøstad Vik med Ingeborg, som vart fødd 02.08.06. (Anne Mette Risøy hadde diverre ikkje høve til å vera med på biletet)

Vi vil også ønskja Synnøve Sandøy Voldsund velkommen attende i full stilling. Oppgåvene hennar omfattar konfirmantarbeid, organisering av barne- og ungdomsarbeidet, redaksjonssekretær i ØyNytt og dirigent for Øygarden Gospel.

*Foto: Odd N. Thormodsæter*

# Nattcup for KRIK Øygarden

Fredag 18. august arrangerte KRIK Øygarden nattcup på Toftøy skule.
Her er nokre biletglimt frå dette flotte arrangementet








# EG REISER




I ei bygd på Sørlandet hadde ei kone vore hos naboen og høyrt ein kassett med kristne songar. Denne likte ho så godt at ho bestemte seg for å kjøpe ein til seg sjølv. Ho noterte derfor tittel og namnet til songaren på ein lapp.

Nokre dagar seinare fikk ho sitje på med nokre til byen. Mannen var ikkje heime da ho drog, så ho skreiv ei melding til han. Uheldigvis forveksla ho lappane, og la kassettlappen igjen på kjøkkenbordet.

Da mannen kom heim, fant han huset tomt. Men etter ei vandring rundt i huset, fann han ein lapp der det stod:

***Eg går til Himlen, med Gunstein Draugedalen!***

# 50års-jubilantar i Blomvåg 20.8



Einar Paul Misje Trøy, Anton Malvin Misje, Daniel D Torsvik, Martin Magne Torsvik, Nils Martin Torsvik, Atle Magnar Toft, Trygve Asbjørn Torsvik, Egil Johan Skråmestø, Anton Agnar Rong, Otto Birger Johan Rossnes, Norvald Johan Blom, Kåre Dåvøy, Magnus Andreas Heggøy, Bjørg Turøy Fjellhaug, Bertha Pauline Vik, Sigrun Marie Blom Kirkevik, Jenny Oddbjørg Dale Kallsten, Berta Sæle Gjengedal, Else Jorun Oen Rossnes, Torunn Magny Oen, Kjellaug Kirsten Herdlevær, Jorunn Oen Lygren, Kirsten Gjesholmen Tolo, Helga Bjørg Dåvøy Johannesen,

# 50års-jubilantar i Hjelme 27.8

Finn Johan Vinnes, Laila Nelly Nordøy Brun, Randi Skjold Lien, Magnhild Knutsen Husebø, Astrid Hjelme.
*(Soknepresten til høgre er 50års-konfirmant om 10 år.)*



**Eldretreff Blomvåg**
Kantina på Tednebakkane.
Kl.16.00-18.30
Torsdag 21. september
Torsdag 19. oktober
Torsdag 23. november
Torsdag 14. desember

**Eldretreff Hjelme**
Hjelme kyrkje, kl. 16.45-19.00
Onsdag 20. september:
Tema: Saman for dei forfølgde
Talar: Tormod Valde
Onsdag 18. oktober
Onsdag 15. november
Onsdag 12. desember:
Førjulsfest

## Utdrag av program for bispevisitasen i Øygarden prestegjeld onsdag 13.09. - søndag 17.09.2006

**Onsdag 13.september**
Kl.10.30-11.30 TEDNEBAKKANE OMSORGSSENTER, RONG. Andakt ved biskopen. Song ved kyrkjelydspedagogen. Omvisning.
Kl.19.00 HJELME KYRKJE.Nattverdgudsteneste. Barn tek del. Kveldsmat og sosialt samvær i kyrkjelydssalen.

**Torsdag 14.september**
Kl.10.30-12.30 KOLLSNES. Bedriftsvitjing Statoil ASA/Kollsnes Prosessanlegg.
Kl.13.00-14.30 BLOMVÅG SKULE. Møte med lærarane og førskulelærarane i kommunen. Biskop Ole D.Hagesæther: *Barn i sorg og krise*. Innleiing til samtale. Alle som er tilsette i skulen og barnehagane er invitert.
Kl.15.00-17.30 TEDNEBAKKANE OMSORGSSENTER, RONG. Møte med ØYGARDEN KOMMUNE. ordførar, formannskap og kommuneadministrasjon.
Kl.19.00 SKJERGARDSHEIMEN, HATTEN. "Nord om Svelgen". Samrådingsmøte med dei kyrkjelege råda og dei kyrkjeleg tilsette.

**Fredag 15.september**
Kl.09.00-09.45 BLOMVÅG KYRKJE. Skulegudsteneste ved biskopen. Andakt ved kyrkjelydspedagog Synnøve Sandøy Voldsund. Deltaking av 5.-7.klasse frå skulane Toftøy, Rong og Blomvåg.
Kl.10.45-11.30 HJELME KYRKJE. Skulegudsteneste ved biskopen. Alvheim og Bakken skular.
Kl.13.00-13.45 ØYGARDEN UNGDOMSSKULE, RONG. 10.klasse. Spørjetime.
Kl.14.00-14.30 Vitjing i TERNA BARNEHAGE, RONG.
Kl.15.00-17.00 STURA. Bedriftsvitjing Stureterminalen/Norsk Hydro.
Kl 19.00 BLOMVÅG KYRKJE. Songar frå bedehuset. Kora i Øygarden. Rong Brass. Andakt ved biskopen. Matøkt.

**Laurdag 16.september**
Kl.10.30-13.00 KYSTMUSÉET. Markering av 75års-jubileet for Blomvåg kyrkje. Presentasjon av kyrkjesogehefte, historiske filmar, pressekonferanse. Helsing ved prosten. Museet har sal av sveler og kaffi.

**Søndag 17.september**
Kl.1100 BLOMVÅG KYRKJE. Visitas-og jubileumshøgmesse ved biskopen, prosten og soknepresten.
Visitasforedrag og kyrkjekaffi. Høve for medlemer i kyrkjelyden til å ta ordet.

**Velkommen til Øygarden, biskop Ole D. Hagesæther!**



I tida 13. – 17. september kjem du på visitas og vil møta både kyrkja sine tilsette, skule- og barnehagetilsette, kommunepolitikarar og administrasjon.
Det har gått heile 13 år sidan biskop Per Lønning var her i same ærend. No gler vi oss til eit nytt besøk frå bispekontoret. Med i følgje ditt er m.a. seksjonsleiar og stiftskapellan Tore Skjeveland og prost Erling Kopperud

Frå heile Øygarden lyder det eit samstemming - VELKOMMEN!

# Ordføraren si helsing i høve bispevisitasen



Øygarden kommune vart oppretta i 1964, etter ei samanslutning av Hjelme kommune og delar av tidlegare Herdla kommune.
På midten av 70-talet var det nedgong i folketalet (2750). Betre kommunikasjonar førte etter kvart til at denne trenden vart snudd og folk flytta attende til kommunen. I 2006 vil folketalet i kommunen passera 4100 og Øygarden er ein av dei kommunane som veks prosentvis mest i landet.

Før levde folk av fiske og jordbruk. Ein del reiste til sjøs og nokre vekependla til Bergen. I dag har dette endra seg mykje. Fiske

*forts. neste side*

*forts. fra forrige side*

og jordbruk er det lite att av. Folk dagpendlar til nabokommunane og Bergen og mange har også sitt virke i kommunen i forskjellige typar verksemder. Øygarden er ilandføringskommune for olje og gass. Kollsnes og Sture er kjende namn og ved desse anlegga vert det produsert olje og gass for store verdiar som det norske samfunnet kan nyte godt av. Det er gode relasjonar mellom desse verksemdene, kommunen og lokalsamfunnet.

Øygarden kommune arbeider for at våre innbyggjarar skal trivast og det er viktig å skape gode oppvekstvilkår for born og unge. Kommunen yter store tilskot til frivillig arbeid, også til kristent arbeid. For kommunen er det viktig å ta vare på det frivillige arbeidet.

Kyrkja sitt arbeid er viktig og kommunen vektlegg dette gjennom budsjettrammer som er tildelt Øygarden kyrkjelege fellesråd. Fellesrådet har stor fridom når det gjeld forvaltning av budsjettmidlar til kyrkjeleg arbeid og drift av kyrkja sine anlegg. Kommunen har brukt store summar når det gjeld opprusting og nyanlegg ved kyrkjegardane i Blomvåg.
For nokre år sida var det politisk vilje til å byggja ut Blomvåg kyrkje. Dessverre vart dette arbeidet stogga av antikvariske omsyn. Kva konsekvensar dette har for kyrkja sitt arbeid må Fellesrådet gjera greie for.

Kyrkja og arbeid i kristen regi er ein del av vår kultur og våre lokalmiljø. Eg vil gi honnør og ros til alle arbeidarar som står i denne tenesta, både løna og uløna.

Eg ynskjer lukke til med bispevisitasen.

*Olav Martin Vik*
*Ordførar*

## NYTT FRA RÅDA

Fellesrådet har gitt kantor Anne Lise Grøm permisjon eitt ekstra år, fram til 1. august 2007. Ho har likevel komande skuleår teke på seg oppgåva som organist på enkelte høgmesser, først og framst i Hjelme.
Oppgåva som organist elles vert utført av John Solsvik og Vegard Voldsund. Vegard har fått utvida stillinga med 40% og skal først og fremst spela på familiegudstenestene og til enkelte gravferder. Dei øvrige gravferdene tek kyrkjeverja seg av.

På anna stad i bladet blir det orientert om korleis barne- og ungdomsarbeidet er tenkt organisert komande skuleår, då vi for tida står utan barnearbeidar og det faste teamet frå NLM.

Fellesrådet har søkt kommunen om ekstra budsjett-midlar til utviding av Hjelme kyrkjegard ogheving av det siste utbrukte feltet på denne kyrkjegarden. Det er også søkt om ekstra midlar til heving av felt E og F på Blomvåg kyrkjegard.

Sokneråda vil i fellesmøte 30. august arbeida med Gjønnesutvalet si Stat – Kyrkje-innstilling og senda ei høyringsfråsegn om dette til departementet.

Korleis har du det…
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

## ØyNytt-rosa

Øynytt-rosa vil vi denne gong med glede gje til **Ingebjørg Sæle**! Ho har i ei lang årrekkje stått som klokkar i Hjelme kyrkje. Her utstrålte ho stødighet og ekthet. Ho gjorde også mange oppgåver som var utover hennar stilling som klokkar. ”Ingen problem, det ordnar *eg*”, har vore kjenneteikn på Ingebjørg. Vi takkar for den velvillige innsatsen hennar!



# Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

# Din totalleverandør i Øygarden

ØYGARDEN BYGGSENTER

TH BHAS BYGG

ØYGARDEN BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09
Adr. Pålsneset, 5337 Rong
www.th-bygg.no

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personar. Arrangerer byllaup, konfirmasjonar og andre tilstellingar.

Kan levera mat til alle anledningar. Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer
Rullestol

Telefon: 56 38 77 73
Mobil: 90 59 90 59

## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen
Tlf. 55 21 44 50
Mobil 917 51 700



K.H. Polden Tlf. 56 33 45 88
Tom Wilson Tlf. 55 18 50 80

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

## Solstrands Begravelsesbyrå

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
*Vår erfaring - din trygghet*

## Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )

# Nye fjes i barne- og ungdomsarbeidet

Dei som har vore innom konfirmantopplegg, leirar, og diverse kristent barne- og ungdomsarbeid dei siste åra, har vorte kjent med barnearbeidar Kari Skår og Teamet. Dei har vore  fantastiske å ha her i Øygarden, og har fått møtt mange og gjort mykje! I år var det vanskelig å få tak i barnearbeidar og team. Men det kjem likevel fire unge, flotte folk som skal vere med på dei samme områda som har vore jobba med før. Dei kjem ikkje til å bu her ute, eller jobbe så tett i saman, som Teamet har gjort før. Me kjem til å sjå ein her og to der, men sjeldan alle på ein gong. Men dei skal nok få setje spor etter seg, og me gler oss til dei kjem og ynskjer dei hjarteleg velkommen!!!



*Trygve Skaug, Magnus Stokke, Solveig Rob og Marianne Stensland,*

# Takk for meg!



Synes du det er lenge sidan du såg meg? Det stemmer nok. No er nemleg tida som barnearbeidar i Øygarden over for min del.
Eg har begynt i ny jobb. Sit og snakkar i telefonen på krinskontoret til Indremisjonen i Nordhordland. Kjekt og veldig utfordrande med mange nye ting å læra.
Har eg glømt Øygarden, trur du?
Nei, eg tenkjer ganske mykje på tida der. Ber for alle barnelaga og leiarane der. Ler høgt når eg tenkjer på dei koselege lunsjpausane på kyrkjekontoret. Feller ei tåre med tanke på alle barna eg ikkje får sjå så ofte.
Men, men….. Eg kjem på besøk til nokre av barnelaga i løpet av hausten. Det vert kjekt. Då skal me syngja, læra meir frå Bibelen og ha det kjekt i lag.
Eg har vorte glad i Øygarden og de som bur der. Takk for gode ord og omsorg. Ei lita helsing frå Bibelen:
Joh.14,6: Jesus seier: Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg.

*Kari Skår*

# Jippiiii!!!!

No er det snart tid for leirar på Skjærgardsheimen att! Og det er alltid kjekt å kome saman, høyre om Jesus, synge, leike, ete, ha sporløp og masse anna kjekt som me gjer på leir! Lurar du på kor tid "din" leir er? Her er ei oversikt:

**8.-10. kl. leir: 22.-24.september**
**3.- 4. kl. leir: 21.-22. oktober**
**6.- 7. kl. leir: 10.-12. november**
**1.-2. kl.- og 5. kl. leirane vert over nyttår.**

Det vert delt ut brosjyrer om leirarne på skulane seinare.
Påmeldinga skjer då til kyrkjekontoret på tlf: 56382240

VELKOMMEN PÅ LEIR!!!!!

SparebankenVest
- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middgsretter og nystekte bakervarer

SPAR

RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

I høst kjem mange flotte nyheter
Ta turen innom

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99

KLEOPATRA
Gave & Interiør
RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

Trend frisør
RONG SENTER

Annelene ønsker alle nye og gamle kunder velkommen.
Har lærling som trenger modeller.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat
KYSTEN RUNDT
Rong Kafe a/s
Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner
Ønsker du å leie sol hjem?
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden
Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.
BPS Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22

NYHET! Ionic - Detox™ MK2
ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE
Rong senter • 56 38 95 15

- Forbedrer helsen
- Gir energi
- Bedrer fordøyelsen
- Bedrer pusten også ved astmaproblemer
- Hjelper lever/nyrer
- Motvirker stress
- Bedrer søvnvanene
- Psoriasis / Hudproblemer
- Gir bedre blodsirkulasjon

Hydro Texaco
Butikken har blitt mye større, med stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.
* Moderne bilverksted m/EU-kontoll
* Reperasjon av alle bilmerker
* Moderne vaskehall
MECA
BLOM SERVICESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

TORSVIK ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG
Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning
Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon 922 34 062
www.torsteinsvik.no

øygarden elektriske as
aut. elektroinnstallatør
Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

DALEKLETTEN
5337 RONG
TLF.: 56 38 87 32
FAKS: 56 38 87 32
MOBIL: 91 16 83 75
TORSVIK MUR
VIDAR VIK TORSVIK
MURMESTER
Alt i mur-, puss- og flisarbeid
-fagkunnskap gir trygghet.

Harkestad Betong AS
Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70
Betong og betongprodukter
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

Malvin Harkestad & Sønner AS
Alt i grunn- og betongarbeid
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

## GUDSTENESTER

03.sept **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen.Søndagsskulens dag. Offer til Bergen søndagsskulekrets. Dåp

10.sept **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen. Søndagsskulens dag. Offer til Bergen Søndagsskulekrets. Dåp

13. sept **Hjelme kyrkje kl. 19:00** Nattverdgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Kvelds etter gudstenesta

15. sept **Blomvåg kyrkje kl. 19:00** Songkveld "songar frå bedehusland" Forskjellige songkrefter. Partytelt i Borgården, der det vert servering av diverse etterpå

17.sept **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Visitasgudsteneste v/ biskop Ole D. Hageseter. Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd

24.sept **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/ Otto Høvik. Presentasjon av årets konfirmantar. Offer til kyrkjelydsarb.

24.sept **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiegudsteneste v Otto Høvik. Presentasjon av årets konfirmantar. Offer til Nordhordland Indremisjon

01.okt **Rong bedehus** Øyg. Indremisjon har inspirasjonshelg

08.okt. **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen.Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd. Høve til dåp.

15.okt. **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd. Høve til dåp

22.okt **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen. 3-4. kl. vert med. Offer til Ungdom i oppdrag.

## TAKK

Hjarteleg takk!
Vi vil senda ei stor takk til Lars Fjeldstad for den flotte pengåva på kr 10.000 som var tildelt Tjeldstø barnehage 3/7-06.

*Kjærleg helsing frå små og store i barnehagen*

vestbok
Pb. 2003 Vetrlidsallmenningen, 5828 Bergen

Eit utval bøker og CD-ar finn du på kyrkjekontoret i Øygarden.

**Nettbutikk: www.vestbok.no**

**Hørselkontroll**
Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte

**Blomvåg:**
Andrea Solsvik, Vik
Maria Elena Lloyd, Søre Sæle
Marcus Myhr Hermansen, Rong
Andre Sætervik, Oen (Landro kyrkje)
Sebastian Skjelvik, Rongesund
Tore Jebsen Hoem, Fyllingsdalen
Tor Eirik Marcussen, Veslevarden
Rowena Risløw, Veslevarden
Connie Steffensen Solberg, Oen
Markus Solsvik, Blomvåg
Martin Henry Haugland, Oen

**Hjelme:**
Jan Petter Bratteteig, Nautnes (Nygård kyrkje)

### Døde

**Blomvåg:**
Tore Oskar Larsen, Rong f. 1946
Jenny Rossnes, Tednebakkane f. 1910
Ivar Sæle, Blomvåg f. 1916
Berit Andrina Oen, Oen f. 1924
Olav Skare, Dale f. 1922

**Hjelme**:
Elias Nygard-Sture, Tednebakkane f. 1909
Alfred Karl Sæle, Tjødnarvegen f. 1921
Elisa Alvheim, Tednebakkane f. 1915

### Vigde:

**Blomvåg:**
Silje Rong og Kristian Vetås
Eli Marie Fonneland og Ragnar Rong
Heidi Mette Sæle og Hermund Heimark
Maryann Åsheim og Thomas Owe Giertsen
May Bente Blom og Normann Andre Hellesund

## TIL LUKKE

**70 år:**
07.sept. Kåre Malvin Lyngøy, Veslevarden
13.sept. Turid Lundstrøm Jensen, Jensvarden
01.okt. Randi Aud Fjeldstad, Tjeldstø

**80 år:**
20.sept. Martin Bernhard Hellesøy, Hellesund
21.sept. Herborg Sture, Sture
08.okt. Anna Margrethe Jacobsen, Ternholmbakkane

**85 år**:
12.sept. Johannes Kristoffer Wilhelmsen, Rong
20.sept. Jakob Oen, Oen
04.okt. Solveig Aslaug Sanden, Hjelmetunet
16.okt. Margit Krossnes, Alvheim

**90 år:**
07.okt. Jens Martin Torsvik, Torsvik

**95 år:**
05.okt. Elisabet Marie Torsvik ,Torsvik

B-BLAD

**Returadresse:**
**ØYNYTT**
**Boks 144**
**5331 RONG**

# Her er det kjekt å vera!

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter

***Ein dag midt i veka møter vi lærarar og leirskuleelevar på Skjergardsheimen klar til ein tur på sjøen. Denne dagen surrar det både i Sogne- og Vossadialekt i elevflokken. Det er 8. klasse frå Luster og Sundve skular som fyller Skjergardsheimen. Til saman om lag 70 personar har tilhald her denne veka.***

Dei vi snakka med hadde berre godord å seia om tilbodet som Skjergardsheimen gir. Her får elevar prøva seg på område som dei elles har lite høve til i sitt heimemiljø.

Denne fine dagen stod ei gruppe klar til fisketur, arbeid med garn og teiner og opplæring i enkel navigiasjon. Skjergardsheimen tilbyr elles både fjellklatring, rappellering, kanopadling og studie av livet i fjøra.



*Området ved sjøen er av avgjerande betydning for leirskulearbeidet.*



*Ein del av lærarane denne veka*



*Dagleg leiar på Skjergardsheimen, Jan-Owe Jensen*

Lærarane på Luster og Sundve skular uttrykkjer stor glede over det proffe opplegget som Skjergardsheimen har å tilby. Øygarden er ein ypparleg stad å ta elevane med til, og her vil dei gjerne tilbake seinare med nye elevkull.

Dagleg leiar på Skjergardsheimen, Jan-Owe Jensen, kan fortelja at drifta går bra, trass i at ein har mista den inntekta barnehagen tidlegare gav leirstaden. Så langt dette året ser det ut for at drifta skal gå i balanse. Dette skjer ved stram økonomistyring og ved at dei tilsette gjer ein stor innsats. Etter at barnehagen flytta ut, er kapasiteten i matsalen utvida frå 45 til 70 plassar.
Dette gir Skjergardsheimen betydeleg betre inntening på drifta.